

Orientering om drifta 2018

Velledalen Montessoriskule AS

Velledalen Montessoriskule AS vart oppretta 30.3.2010 med stiftingsdato 12.3.2010. Formålet med selskapet er å drive ein frittståande grunnskule frå 1. til 7. årstrinn med SFO i Sykkylven kommune. Skulen vart starta opp i august 2012 og vert driven etter «Læreplan for montessoriskolen « Skulen er godkjent for 60 elevar. Skuledrifta vert elles regulert av mellom anna opplæringslova, aksjelova, friskulelova, plan- og bygningslova, arbeidsmiljølova og forskrift om miljøretta helsevern i skular. Skulen har eigne vedtekter og eige inntaksreglement. Skulen si målform er nynorsk.

Styret si samansetting per 31.12.2018

Styreleiar: Jon Hjortdal

Nestleiar: Petter Velle

Styremedlemmar:

Jostein Berge

Sivert Urke

Marianne Strømme

Varamedlemmar:

1.Vibeke Evensen

2.Tommy Rasmussen

3.Hanne Ulset

Desse har møte- og talerett på møta, men ikkje stemmerett:

Representant for undervisningspersonalet: Hanne Haram

Representant for andre tilsette: Tone Lind

FAU- representant: Julie Brochmann

Elevrepresentant: Troy Harnett til juli, Emil Tandstad frå august

Det har vore 7 styremøter i perioden.

Arbeidsmiljø og likestilling

Velledalen Montessoriskule AS hadde per 31.12.2018 13,86 årsverk, fordelt på 19 tilsette inkludert rektor. Kjønnfordelinga var ein mann, resten kvinner. Selskapet sin politikk er kjønnsnøytral på alle område, og det er ønskeleg på sikt å rekruttere fleire mannlege tilsette.

Arbeidsgiver har ansvar for at arbeidsmiljøet er forsvarleg og i samsvar med arbeidsmiljølova og i den samanheng gjennomførte BHT ei kartlegging av arbeidsmiljøet ved skulen i november. BHT gjennomførte individuelle intervju med alle tilsette og på bakgrunn av dette vart det laga ein rapport, « Kartlegging av det fysiske, psykososiale og organisatoriske arbeidsmiljøet » Denne rapporten vart i ettertid gjennomgått med heile personalet og den viser at det er eit særst godt arbeidsmiljø ved skulen.

Myriam Van Wunsel vart tilsett som reinhaldar frå august 2018, før dette hadde vi ein avtale med eit reinhaldsfirm. I tillegg har vi to ungdomar som har ei lita reinhaldstilling kvar.

Vi har ikkje fast vaktmeister, men leiger inn etter behov og ein god del arbeid vert utført på dugnad også.

Tilsette i verksemda har ikkje vore utsett for ulykker eller skader i samband med utføringa av sitt arbeid i 2018.

Dei tilsette er medlemmar i Sykkylven bedriftshelseteneste og alle tilsette er medlemmar i Statens Pensjonskasse.

Sjukefråver i 2018 var 2,9 % (kort- og langtidsfråver). Anna fråver utgjer 3,30 % (vidareutdanning mm)

Diverse opplysningar om drifta i 2018

Elevtal

Skulen får utbetalt offentleg støtte basert på elevtalet per 1. oktober kvart år. 01.10.18 var det rapportert inn 62 elevar. Av dei 62 elevane som vart registrert 01.10.18 kom 12 frå andre stadar i kommunen.

	Haust 2018 (01.10.18)
1.klasse	4 (6)
2.klasse	9
3.klasse	10
4.klasse	9
5.klasse	11
6.klasse	4
7.klasse	13
	60 (62)

I tillegg kom det to elevar til i 1.klasse i oktober, slik at det totale elevtalet er 62.

Elevtal pr. teljedato (01.10) 2012-2016

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
45	44	40	47	53	58	60 (62)

I januar hadde vi som vanleg informasjonsmøte for nye søkjarar med informasjon om skulen og innføring i pedagogikken. Det var på dette møte stor deltaking frå føresette frå Tandstad skule som då var foreslått nedlagd frå hausten 2018.

Ved opptaket i februar 2018 hadde vi 38 elevar på venteliste, alle desse var heimehøyrande på Tandstad skule. Vi opplevde stor pågang frå føresette frå Tandstad skule som ønska plass til sine born på skulen vår i samband med at skule deira vart lagt ned frå hausten 2018. Vi kunne ikkje gi plass til nokon av dei elevane på grunn av mangel på elevplassar hos oss.

Skulen er godkjend for 60 elevar og i samband med søknadane til skuleåret 2018-2019 opplevde vi at to førsteklassingar som hadde sysken ved skulen ikkje fekk plass. Vi søkte om dispensasjon for å få ta inn desse to skuleåret 2018-2019, frå hausten 2019 ville desse få plass uansett og vi meinert det var til elevane sitt beste at dei også fekk gå på vår skule i 1.klasse. Utdanningsdirektoratet sa nei til dette, men vi anka og Kunnskapsdepartementet ga oss medhald. Desse to elevane kunne difor starte med oss etter haustferien 2018, og vi fekk også medhald i at vi skulle få statsstøtte for desse to heile skuleåret.

Vi søkte i februar 2018 om å få utvide elevtalet frå 60 til 90, svar på dette er venta i 2019.

Personalsituasjonen og kompetanseutvikling

Ingvill Tandstad ,Anette A. Lade, Gry Olafsen og Tonje Welle vart tilsette frå 01.08.18 . Una Meldrum kom inn som assistent ut på hausten.

Det har frå hausten 2018 vore mange deltidsstillingar av ulike årsaker, nokon ynskjer å ikkje arbeide 100 %, medan mange tek utdanning og vidareutdanning ved sida av jobb.

Monica Hole Bjørneseth og Hanne Haram tek skuleåret 2018-2019 30 studiepoeng i matematikk på NTNU, dette er eit regionalt tilbod som gir økonomisk støtte via utdanningsdirektoratet. Silje Hasuvik avslutta vidareutdanning våren 2018. Ingvill Tandstad skal fullføre master til våren 2019, Gry Olafsen vert ferdig barnehagelærer våren 2019, Sølvi Kristin Goksøyr tek utdanning innan norskfaget.

Skulen er med i nettverket for samarbeid og erfaringsutveksling saman med dei andre montessori-skulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, totalt 8 skular. Felles studiedagen var i mars 2018 og det var Grytestranda friskule som var vertskap. Carla Foster var leigd inn som foredragshaldar. Nettverket har også faste rektormøte og dei har mellom anna hatt møte med Norsk Montessoriforbund for å ta opp aktuelle tema for skulane.

Frå 2018 vart rektor invitert inn i det kommunale rektornettverket til Sykkylven kommune.

Dei tilsette har elles vore på ulike kurs gjennom året.

Lokaler

Vi har leigeavtale med grendahuset for skuleåret 2018 / 2019 der vi no brukar klasserommet på grendahuset fast. I tillegg brukar vi salen fast til kroppsøving, i tillegg nyttar vi huset ved behov. Matsalen brukar vi no berre til torsdagsmiddag, dei andre dagane et elevane på skulen. Vi leiger symjehallen kvar veke når den er open og alle elevane ved skulen har symjing frå 1.klasse.

Kvalitetsikringsarbeid

Som ein del av kvalitetssikringsarbeidet og grunnlag for utvikling av opplæringstilbodet har skulen i 2018 gjennomført Nasjonale prøver og kartleggingsprøver i regi av utdanningsdirektoratet.

Vi arbeider med eit kvalitetssikrings-system for skulen.

Mat

Vi har tilbod om gratis skulefrukost for alle elevar, eit tilbod som mange elevar nyttar seg av. FAU står bak tilbodet om gratis varm skulelunsj på torsdagane. Her er det inntektene på kaféen på ettermiddagen som gjer at ein kan gi det tilbodet. Talet på kafégjestar varierer og vi har plass til fleire, men økonomisk går det i pluss. Takk til damene som legg ned ein stor dugnadsinnsats kvar veke.

FAU

I mars arrangerte FAU kunstkafe på grendahuset. FAU har i samarbeid med rektor planlagt og gjennomført fleire dugnadar gjennom året. Til sommaren deltok dei på avslutningsfesten vår for 7.klasse og dei var med på å arrangere julefest. Spelekveld for foreldre og elevar er det også FAU som har ansvaret for.

Uteområdet

2018 var året då vi fekk på plass vår eigen gapahuk på bålplassen til skulen. Dette er eit området som vert mykje brukt av elevane og i tillegg har vi avtale på å bruke « Bollamarka » når vi ynskjer.

Vi har også dette året hatt høner og kaniner på skuleområdet, til glede og læring for elevane.

Styret har ein plan for uteområdet og denne er det planen at delar av den skal ferdigstillast 2019, mellom anna ei terrasse på framsida av skulen og eit bygg på grusbana.

Samarbeid med andre

Skulen har eit godt samarbeid med kommunen / PPT om elevar som har rett til spesialundervisning. PPT har fast tid på skulen kvar veke og det same har helsesjokepleiar.

Skulen hadde også våren 2018 eige førskuleopplegg for elevane som skulle byrje i 1. klasse. Dei nye elevane var på skulen ei økt over fleire veker, eit tiltak som vi meiner gjer overgangen frå barnehage til skule enklare og betre for borna. I 2018 var det 6 førskuleborn som deltok på førskuleopplegget vårt, alle desse kom frå Velledalen Naturbarnehage SA.

Skulen hadde også våren 2018 eige førskuleopplegg for elevane som skulle byrje i 1. klasse. Dei nye elevane var på skulen ei økt over fleire veker, eit tiltak som vi meiner gjer overgangen frå barnehage til skule enklare og betre for borna. I 2018 var det 6 førskuleborn som deltok på førskuleopplegget vårt, alle desse kom frå Velledalen Naturbarnehage SA.

På generalprøva for julespelet deltok fleire årsklasser frå barnehagen som publikum og vi har delteke på Nissemarsj saman med Velledalen Naturbarnehage. Vi har og hatt teater på grendahuset saman med barnehagen.

Vi brukar Stall Moen sitt tilbod «Inn på tunet» for nokre av elevane våre og er veldig fornøgd med det tilbodet vi får der.

2019:

Sissel Hauge kom tilbake frå svangerskapspermisjon i april.

Det er 77 elevar som har søkt skuleplass frå hausten 2019, medan vi har 13 avgangselevar som skal byrje på ungdomsskulen. Vi har plass til 60 elevar skuleåret 2019/2020 og har gitt plass til 10 1.klassingar og ein 3.klassing. Vi har også venteliste til neste skuleår.


Vi fekk avslag på søknaden om å utvide elevtalet til 90, dette anka vi og saka ligg no hos Kunnskapsdepartementet.

Vi har ute annonse om ledige stillinger då Gry Skogvold har søkt permisjon, Marit Bratli har sagt opp og Kari Hjorthol skal pensjonere seg frå hausten 2019.

Majlene Melendez og Sylvi Bjørneset har i mars starta på montessoriutdanning på Waterpark, dette går over to år.

Vi har fire tilsette som har fått innvilga midlar til vidareutdanning neste skuleår, tre av desse ynskjer å starte på montessoriutdanning.

Velledalen, 07.05.2019



Jon Hjortdal
Styreleiar



Jostein Berge
Styremedlem



Sivert Urke
Styremedlem



Petter Velle
Nestleiar



Marianne Strømme
Styremedlem



Kristin Grebstad
Dagleg leiar